



Thomas Elholm  
Åmundsdalen 21  
5115 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8282 - 20/28107

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
14.05.2020

## Søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygger vert avvist - gbnr 425/12 Haugland

**Administrativt vedtak.**      **Saknr: 501/20**  
**Tiltakshavar:**              Thomas Elholm  
**Søknadstype:**              Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-1 og vert søknad om dispensasjon for etablering av flytebrygger avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av 2 flytebrygger knytt til naust på gbnr 425/12. Flytebryggene har ein storleik oppgitt til 2x4 meter og skal plasserast slik det er vist på situasjonsplanen.


Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 21.04.2020.

### Planstatus


Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommuneplanen for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019. Området på land er i planen avsett til byggeområde for naust (N) og området i sjø er avsett til hamneområde i sjø (H). I hamneområda er det ikkje opna for å etablere nye tiltak. Byggegrensa mot sjø går i føremålgrensa.

Tiltaket er i strid med arealføremålet i sjø og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon.

### Situasjonsplan



### Plankart



### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande forhold:

- Søknaden er ikkje nabovarsla.  
Søknader om dispensasjon skal varslast, jf. pbl § 19-1.  
Eigedomen der tiltaket skal etablerast er eit felleseige utan grenser. Alle eigarane må varslast. Fullmakta du har lagt ved frå Johnny Kristiansen, som har rettigheit i området, er ikkje signert og heller ikkje tilstrekkeleg for behandling av søknaden. Aktuelle naboar på andre sida av vâgen må også varslast.
- Søknaden er ikkje grunngitt.  
Du må skriva noko om kvifor du treng etablera flytebrygger knytt til naustet og kva verknad tiltaket vil ha for området i hamneområdet i sjø.
- Tiltaket er ikkje teikna inn i målestokk på situasjonsplanen.
- Det ligg ikkje føre teikningar av tiltaket.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling.

Vi legg ved nytt situasjonsplan som kan nyttast ved innsending av ny søknad.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart gbnr 425-12

**Kopi til:**

Johnny Kristiansen

Skutevikens 5032

BERGEN

Tverrgate 8

Thomas Elholm

Åmundsdalen 21 5115

ULSET

**Mottakarar:**

Thomas Elholm

Åmundsdalen 21 5115

ULSET